

Dagens hundelov er streng nok

I desse dagar er eit framlegg om utvida bandtvang for hundar i Haram ute på høyring. Dette framlegget tek sikte på å skjerpe allereie strenge reglar for hundehald. Det kjem fram i § 4 i hundelova at hundar berre kan vere lause når dei anten blir fylgt og kontrollert på aktsamt vis, eller når dei er forsvarleg inngjerda på ein stad som ikkje er open for allmenn ferdsel.

Vidare er det jf. § 6 i tida 1. april til 20. august bandtvang slik at hundar ikkje kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjørfe, rein, hest eller vilt. Kommunen kan likevel stramme inn med heimel i andre ledd a) – f).

I framlegget frå formannskapet vil bandtvang gjelde heile året i tilknytning bustadområde og handleområde. Det er heimla i § 6, 2. ledd bokstav a). Det ein må vere klar på her er at det står i forarbeida til lova at det omfattar alle områder med fast busetjing, tettbygde som spreiddbygde. I praksis må eg leie hunden min eit stykkje frå huset mitt før eg kan sleppe den for å ikkje bli lovbrytar. I tillegg blir perioden for bandtvang utvida til å omfatte 21. august til 31. oktober. Det er litt uklart kva som er heimelen for denne utvidinga, men eg føresett at det er bokstav e) der det står at kommunen kan i eit avgrensa tidspunkt innføre bandtvang i heile eller delar av kommunen når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute. Eg vil påpeike at jf. forarbeida tek denne regelen berre sikte på å fange opp den ordinære beitesesongen og kan ikkje strekkast så langt at den omfattar alle tider dyr unntaksvis går på beite. Her må det i så måte visast til at det er tilfelle at den ordinære beitesesongen strekkjer seg heilt til 31. oktober. Likevel så trur eg at bruken av denne regelen er mest aktuell på stadar der bufe beitar fritt. Så dersom ein absolutt ynskjer å innføre ei slik føresegn burde ein heller innføre bandtvang fram til 31. oktober i dei delane av kommunen der det er aktuelt og ikkje heile som det står i framlegget. Ein kan heller ikkje ta omsyn til hjortejakt, eller annan jakt på vilt når ein brukar denne heimelen.

I saksutgreiinga står det litt om moglegheita til å innføre bandtvang heile året i delar av kommunen. Eg vil på det sterkaste rå ifrå å gjere dette. Fyrst og fremst fordi at det kan stride mot dyrevelferdslova § 23; «Dyreholder skal sikre at dyr holdes i miljø som gir god velferd ut fra artstypiske og individuelle behov, herunder gi mulighet for stimulerende aktiviteter, bevegelse, hvile og annen

naturlig atferd. Dyrs levemiljø skal fremme god helse og bidra til trygghet og trivsel.» For å kunne følgje denne regelen må hundeeigar anten skaffe seg høge gjerdar, eller reise ut av kommunen/ del av kommunen for å ivareta hundens behov. Vidare er det heller tvilsamt at kommunen kan heimle ein slik regel i hundelova sin § 6. Dersom dette blir ein realitet burde kommunen i så fall leggje opp til å lage friområde, som ikkje utan vidare er uproblematisk.

Framlegget kjem med eit forbod mot å ha hund på gravplassar med unntak av førarhundar. Dette har eg ikkje noko imot, men vil vise til dette kan òg innførast av kyrkjeleg fellelsråd med heimel i gravferdslova § 21. Vidare vil eg peike på at det ikkje er naudsynt med paragrafen om fjerning av ekskrement, sidan dette alt er omfatta av politivedtektene i kommunen.

Eg fryktar at resultatet av å skjerpe bandtvangen slik som framlegget til forskrift legg opp til, vil vere at fleire hundeeigar må bygge hundegardar der hundane blir gåande utan tilsyn. Det optimale er sjølvsagt at dei hundane som eigaren har kontroll på får gå fritt saman med han. Det gode liv i distrikta!

I sum meiner eg at Haram ikkje bør innføre ei forskrift om bandtvang, men dersom dette blir realiteten så bør kommunen sjå nærmare på om det faktisk er behov for å forlenge bandtvang i heile kommunen fram til 31. oktober. Eg trur at det beste i så måte vil vere å innføre dette for dei stadane der det er aktuelt. Med tanke på dei praktiske vanskane framlegget om å innføre bandtvang heile året i tilknyting bustadområder ser eg helst at dette blir teke ut. Ein må hugse på at hundar berre kan gå laust når dei blir fylgt og kontrollert eller er forsvarlig inngjerda, så å ha hundane laust utan tilsyn i bustadområde er i alle tilfelle ulovlig etter hundelova.

Eg vil òg nemne at formannskapet ikkje sendte ut framlegget til forskrift til nokon lokale hundeorganisasjonar, så eg vil oppmode om at dei som blir råka av framlegget går inn på Haram kommune sin nettstad og les framlegget i heilheit. Høyringsfristen er sett til 29.05.13.

Kristian Stråmyr